



Uskedalen var godt representert på reiselivs-seminaret i Rosendal: Her sit Bente Nilsen og Gunn Mari Moberg foran og Sveinung M. Pile bak. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Bygdedyret må haldast i sjakk, for å hindra at det øydelegg for alle gode krefter. Det var Linda Løvfall frå Løvfallstrand, no ansatt i rådgjevningselskapet Laizen i Bergen, som sa dette til dei 60 deltakarane i reiselivsseminaret til Sparebank1-Kvinnherad (tidlegare Kvinnherad Sparebank) i Rosendal torsdag. Uskedalen var godt representert.

Løvfall var den av dei fire innleiarane som kom med den klåraste lokale vinklinga og åtvare mot at gamle stridigheter får lov til å spreia seg. Og ho minnte om at det er mange dyktige 'propellar' innan reiselivet om ein berre får dei til å dra saman og i samme retningen.

– Ta sjansen, ikkje ver redd for å dumme deg ut og støtt opp om andre som tør å satsa, var to av råda ho kom med.

Ho meinte som andre innleiarar og møtedeltakarar at Folgefonna Nasjonalpark gjev gode moglegheiter for inntekter for dei som vil, men dei må ta opp hansken sjølve.

Mange arbeidsplassar kan skapast

I denne samanhengen er det interessant å trekkja fram nokre opplysningar frå ein annen av innleiarane, førsteamanuensis Thor Flognfeldt junior frå reiselivsstudiet ved Høgskulen i Lillehammer. Han hadde heile verda som perspektiv og var ikkje spesielt imponert over korleis Noreg til no har utnytta nasjonalparkane sine til å skapa arbeidsplassar.

Medan andre land investerar i nasjonalparker står det meir eller mindre i stampe her. Gjennomsnittleg antall ansatte ved nasjonalparker i EU-området er no 67. Ved nasjonalparken Sumava i Tsjekkia er dei heilt oppe i 600, medan Jotunheimen berre har tre.

I USA er det no 430 millioner som vitjar nasjonalparkane i året medan ein ikkje veit kor mange som kjem til Jotunheimen. Eit naturoppsyn i dagens Noreg har 70 arbeidsoppgåver i veka og det er uoverkommeleg. Flognfeldt var etter eit års opphald i New Zealand imponert over kva dette fjerntliggande landet har fått til rundt nasjonalparkane sine sjølv om det ligger langt frå marknadene. Hard jobbing, eit konkurranseutsett næringsliv, null landbruksstøtte, samarbeid på ulike nivåar og profesjonell marknadsføring er nokre av forklaringane. Frå New Zealand er det eitpar timars flytid til den nærmaste marknaden med nokre få millionar menneskje. Frå Noreg er det to timer til ein marknad med 350 millionar. Vi ligg med andre ord ikkje langt i frå marknadene, men tett innpå dei. Likevel reiser ikkje meir enn 0,85 prosent av tyskarane til oss.

Kom seint i gang og har mykje å læra

- Vi kom seint i gang og har mykje å læra, sjøl om vi brukar nest mest offentlege midlar i Europa til dette føremålet, sa Flognfeldt. Mange nye yrke kan skapast i og rundt nasjonalparkane. Stikkord her er guiding, vedlikehald, tilrettelegging, måling av naturtilstand, skilting og informasjon og marknadsføring.

Linda Løvfall meinte at nasjonalparksenteret i Rosendal er velfungerande og minnte om at det har hatt ein auke i talet på besøk med 36 prosent samanlikna med i fjor. Ho meinte at distriktet har mange gode kort på handa:

Rosendal er allereie ein sterk merkevare i den norske marknaden og vi er ved verdas nest lengste fjord. Vi har Noregs tredje største isbre, der det går an å gå på ski heile året. Det heilt vesentlege er å registrera kva slags opplevingar turistane er ute etter og så pakka dei deretter. Og så er det særskilt viktig å ha felles mål, som blir forankra hjå lokale aktørar og samle dei det gjeld for å unngå konflikter..

Eit av føremåla med banken sitt temaval dette året var å motivera til breiare samarbeid innan denne næringa. Administrerande banksjef Åsmund Kåre Rørvik streka under at det bør samarbeidast frå ytterst ved kysten til innerst i fjorden.

- Eg har ikkje registrert nokon felles marknadsføring av dette området.

Det er utruleg stor interesse for Noreg ute, men vi er heilt anonyme overfor den store verda, sa han.

Av Ola Matti Mathisen



Tor Flognfeldt junior er ikkje imponert over den norske nasjonalpark-satsinga. New Zealand er eit av føredøme, meiner han. (Foto: Ola Matti Mathisen)